

KAPITTEL 6

I livsens lundar. Debutromanen til Matias Orheim

Jan Inge Sørbo

Professor, Institutt for sosialfag, Høgskulen i Volda

Abstract: This article presents the first novel by the Norwegian songwriter and preacher Matias Orheim (1884–1958). Orheim was an important figure in the laymen movement during his lifetime. He was also a famous singer and musician (playing violin and glass harmonica). A lesser-known fact is that he wrote a number of novels during the period 1911 to 1938. While his books of religious songs and hymns were very successful, with sales numbers up to 65,000 for one book, his novels were less popular. The article argues that the novel *I livsens lundar* (*In Life's Groves*) provides an accurate depiction of the different cultural and religious groups in rural Norway in the early 20th century. There was a tension between the Grundtvig-inspired national movement and the low church evangelical movement. The former was very concerned with national language and tradition (folklore, folk dance), while the latter was more explicitly concerned with religious conversion and personal piety. Orheim tried to make a kind of compromise – a low church religion open to national and cultural impulses – and his novel is an example of this; it is written in the form the Grundtvig groups used in their meetings, with a lot of verse, small dramas and use of Norse mythology.

Keywords: Matias Orheim, Christian literature, low church evangelical movement

Matias Orheim (1884–1958) høyrer til dei mest avhaldne predikantane i lekmannsrørsla, og han er også ein av dei mest populære songskaparane i sin periode. Debutsamlinga *Heimlokk* (1903) kom i mange nye opplag, og selde 65 000 eksemplar, skriv Erik Kjebekk i *Norsk biografisk leksikon*.

Sitering: Sørbo, J. I. (2022). *I livsens lundar*. Debutromanen til Matias Orheim. I A. Aschim, B. Afset, H. Elstad & B. Løvlie (Red.), *Tru, språk, historie. Heidersskrift til Per Halse* (Kap. 6, s. 143–156). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.165.ch6>
Lisens: CC BY-NC-ND 4.0

Slike tal ser ein nesten aldri på diktsamlingar; ein må gå til bøker som Øverlands krigsdikt i *Vi overlever alt! Dikt fra krigsårene* (1945) og Rolf Jacobsens *Nattåpent* (1985) for å finna andre døme på salssuksess på lyrikk. Orheim har jo også signert songar som svært mange kjenner: «Eg fann min Gud i ungdoms år», «Kvardagskristen vil eg vera», «Ved Jesu føter ei stille stund», «Eg har ei tenesta stor for Gud», for å nemna nokre. Innanfor dei lågkyrkjelege miljøa var Orheim noko av ein kjendis. Når folk hugsa han så godt – og mine foreldre fortalde levande om han – var det også fordi han vart blind tidleg i livet, og at han spela på glas og song. Han spela også fele, eit instrument som var omstridd i dei pietistiske rørs-lene, av grunnar eg skal koma tilbake til.

I ein av romanane sine har Ragnar Hovland skrive ei rørende skildring av korleis Orheim kom på besøk til far til hovudpersonen, og litt etter lyder det song frå to stemmer på kontoret. Den eine kjende han straks, skriv han, for det var Orheim, men den andre hadde han aldri høyrte før, så det måtte vera faren! (Hovland: *Utanfor sesongen*, 1988). Hovland er presteson og fødd 6 år før Orheim døydde, så det kan hende at han brukar ei barndomsoppleving her, sjølv om både handling og hovudperson i romanen har alle teikn på å vera oppdikta. Og slik endar hans vesle hyllest til Orheim, eit idyllisk barndomsminne som dukkar heilt uventa opp i ein kriminalroman fylt av rus, mord og svik. Hovland let Orheim-stubben munna ut i eit hyrdebilete i sin karakteristiske, slenrande stil:

Eg kunne hugsa no at vi stod der alle tre og såg på Matias Orheim blei borte nede i vegen. Nett då kom sauene til grannen, på veg heim, dei innhenta han fort, og snart var det umuleg å sjå kven som var sauer og kven som var Matias Orheim. (Hovland, 1988, s. 126)

Det som er mindre kjent med Orheim, er at han skreiv ei rekkje romanar frå 1911 og fram til 1932. Kjebekk skriv at det er åtte romanar, Ingrid Myrstad skriv i Allkunne at det er ti. Det ulike talet kan forklarast ved at han skreiv nokre prosabøker som er halvt minnebøker, halvt fiksjonsbøker. Men romanane har fått blanda mottaking: «Dei er heller tunglesne og utan stor litterær kvalitet», skriv Kjebekk, og Myrstad sluttar seg til dette. Dei vart heller ikkje så kjende og populære som songane hans.

Likevel kom mange av prosabøkene hans frå mellomkrigstida i fleire opplag, debutromanen selde i fleire tusen eksemplar.

Kjebekk kan ha rett i at romanane kan vera tunglesne, ikkje minst debutromanen *I livsens lundar* (1911, ny utgåve i 1917). Men det er likevel ein interessant tekst, som fortel mykje om det miljøet Orheim ferdast i og vart prega av, og han har gjeve den ei original form, som vi skal koma tilbake til. Orheim la tydelegvis også vekt på denne boka, for han reviderte og utvida den då andre utgåva kom.

I denne artikkelen vil eg freista å setja denne romanen i forhold til dei ulike kontekstane Orheim skreiv og levde i, både lokalt, forlagsmessig og ideologisk eller kyrkjepolitisk. Lese i eit slikt perspektiv blir boka som eit fokuspunkt som fangar opp sentrale spenningar i norsk bygde- og kristenliv tidleg på 1900-talet. Her var Orheim ikkje berre ein presis observatør, han var også ein viktig aktør. Han leverte, med formuleringa til Birger Løvlie, viktige «bidrag til vestnorsk kultur- og kristenliv» (Løvlie, 2007).

Forlagshistorisk er boka interessant som ein relativt tidleg roman på Lunde Forlag. Dei forlaga som var knytte til lågkyrkjelege rørsler, som Lutherstiftelsens Forlag (stifta 1868) og Lunde Forlag (stifta 1905), var litt nølande med gje ut romanar. Pontoppidan åtvare i si forklaring mot «romanlesning» i si utlegging av det sjette bodet – «du skal ikkje drive hor» – fordi romanar var assosierte med populærlitterære skildringar med erotiske tema. Etter det moderne gjennombrotet kring 1870 formulerte leiande forfattarar som Garborg, Bjørnson og Kielland til dels skarp religionskritikk, ikkje minst kritikk av dei lågkyrkjelege miljøa, og dette forsterka og forlenga skepsisen mot diktetekunsten som ein religiøst risikabel aktivitet i lekfolket og hos konservative prestar. Innslaget av religionskritikk i skjønnlitteraturen var reelt nok, men reaksjonen på dette kom ofte til å overskygga den sentrale teologiske inspirasjonen som også finst i dei kanoniske tekstane, t.d. hos den unge Bjørnson, Ibsen, den seine Garborg, Duun og mange fleire.

Men dei nasjonalromantiske tekstane stod høgt i kurs, også i desse miljøa, og når nynorsken markerte seg gjennom Blix sine salmar sist på sekstitalet, auka det toleransen for diktning generelt hos landsmålsfolket. Og no ville ein dikta på eigne premissar, innanfor eit trygt lågkyrkjeleg

univers. Utover i mellomkrigstida vart romanar med oppbyggjeleg innhald etter kvart ein omfattande sjanger. Ein omsette ein god del frå svensk (Runa = Elisabeth Beskow, frå 1911) og engelsk (Amy le Feuvre, frå 1907), men etter kvart vart den norske tilveksten av dette litteraturslaget så stor at det vart skipa eit eige kristeleg forfattarlag. Forfattarar som Lars Rustbøle, Ingrid Lang, Einar Berg og Carl Sundby stod for ein stor produksjon og eit til tider eventyrleg sal. Seinare var forfattarar som Anna Sørbo og Per Hilleren aktive langt ut på 1970-talet, begge med stor produksjon. Denne litteraturen vart problematisert i fleire omgangar både med omsyn til kvalitet og for eit forenkla verdsbilete. Alfred Hauge, som vaks opp med dette litteraturslaget, parodierte den slik:

Tror vi at det kan være en kort tid før natten kommer da ingen kan arbeide, [...] kan vi ikke fortsatt skrive om han Sjur i Åsen som ble omvendt på et torsdagsmøte, og straks ble forlovet med a Johanna, den gildeste jenta i hele sangkoret, og fortsette med å fortelle om hvorledes hele bygda ble frelst og gift. (Hauge, 1947/1995)

Bodskapen er at Gud løner omvendinga med seksuell utfalding, skriv han, noko han finn «vemmelig». Hagues kritikk førte til at det kristeleg forfattarlaget vart nedlagt. Men sjangeren levde godt i mange år etter dette. Først på 1970-talet, etter ein ny omgang med kritikk og diskusjon, gjekk denne sjangeren meir og mindre i oppløysing, og dei kristeleg forlaga måtte nyorientera seg. (Sjå Nymo, 1985.)

Matias Orheim står altså i heilt i starten av denne utviklinga. Men som vi skal sjå, høver han ikkje heilt inn i den populærlitterære koden som prega mykje av den såkalla kristeleg skjønnlitteraturen.

Vi kan få eit klarare bilete av profilen til Orheim om vi ser på det litterære livet i nynorsk-leiren i samtida. Nynorsk litteratur er berre litt eldre enn Orheim sjølv. Då han vart fødd i 1884, var den nynorske litteraturen knytt til nokre få aktørar: Aasen, Vinje, Mortenson Egnund, Janson, Garborg. Men først på 1890-talet kunne Garborg konstatere at no kunne ein snart byrja å snakka om ein heil litteratur på landsmål (Sørbo, 2018, s. 108). Det ein har kalla heimstaddiktinga, kartlegginga av Noreg i ein hovudsakleg realistisk litterær kode, med ei særeiga blanding av nasjonal entusiasme og til tider skarp samfunnskritikk, skaut fart fram

mot hundreårsskiftet. Denne litteraturen vart skriven i Østerdalen og på Tynset, i Agder, Telemark, Rogaland, Sunnhordland og Hardanger, på Voss, i Sogn og Fjordane, Møre, Trøndeland, Nordland ... heile landet rundt. Norsk litteratur handla ikkje lenger berre om Kristiania og Fanaråken.

Bakgrunnen for dette var det nynorske organisasjonslivet. Dei første mållaga oppstod lokalt på 1860-talet, og vart samla i Noregs Mållag i 1906. Det var 67 mållag som då gjekk inn i den nasjonale organisasjonen, primært for å tale med ei røyst i forhold til styresmaktene. Seinare vart det langt fleire, sjølv om somme også melde seg ut, fordi dei var usamde om rettskrivingsnormalen.

Arbeidet i ungdomslaga var mykje større enn i mållaga. Då dei samla seg i Noregs Ungdomslag i 1896, var det med nærare 500 lokale lag og 28 000 medlemmer (Almenningen et al., 1981). Når ein arbeider med nynorsk litteratur frå denne perioden, altså frå 1890-talet og inn i mellomkrigstida, legg ein fort merke til kor mange av forfattarane som hadde bakgrunn i ungdomslaget. Det var staden der litteratur vart formidla og skapt. Møta i laget handla ofte om litteratur, med foredrag om store diktarar, amatørar som framførte eigne tekstar og vitjing av kjende forfattarar, i tillegg til folkemusikk og amatørteater. Den lettast tilgjengelege utdanninga for desse ungdommane var folkehøgskulen. Ikkje så mange hadde råd eller høve til å studera, og Garborgs *Bondestudentar* gjev jo heller ikkje noko lysteleg bilete av dei materielle vilkåra for bygdeungdom som valde den akademiske vegen. Felles for forfattarane Kristofer Uppdal, Olav Duun, Olav Aukrust, Olav Nygard, Olav Rytter, Ragnvald Vaage og Sven Moren var at dei enten hadde vore elevar eller lærarar i folkehøgskulen. Moren og Vaage arbeidde i mange år for Noregs Ungdomslag. Skrivande kvinner som Petra Kvislid, Halldis Moren og Sigrun Okkenhaug var knytte til dei same rørsleane, og Hulda Garborg var sentral i å byggja opp desse organisasjonane.

Ser vi på litteraturen, har den frilyndte ungdomsrørsla eit klart forsprang i forhold til dei lågkyrkjelege og pietistiske organisasjonane. Som vi såg ovanfor, var pietistane i utgangspunktet skeptiske til fiksjonslitteratur, og kom ikkje for alvor i gang med sitt litterære alternativ før eit stykke innpå 1900-talet. (Salmediktinga var i gang før, og vart dyrka både

av pietistar og frilyndte.) Ungdomslagsrørsla var ei litterært skapande rørslе frå første stund, og dei tilbаud skriveglade ungdommar ein arena der dei kunne framføra eigne tekstar munnleg, få dei på trykk i eigne tidsskrift (t.d. *Unglyden*, som vart redigert på Nordfjordeid, seinare Voss), for i neste omgang å få eventuelle bøker trykte på nynorske forlag som Noregs Boklag og Mons Litrerés forlag.

Når det gjaldt husbygging og organisering, var nok den lågkyrkjelege lekmannsrørsla vel så talrik. I Nordfjord krins er det 26 bedehus, dei fleste oppført i Orheims levetid, opplyser Andreas Tjomsland, som skriv ei avhandling om bedehusmiljøet i Nordfjord. Den pietistiske vekingsrørsla var eldre enn ungdomslagsrørsla, med røter heilt tilbake til statspietismen som prega salmane til Brorson, haugianismen frå overgangen til 1800-talet, Lutherstiftelsen og Det Norske Misjonsselskab frå om lag 1850 og «den vestlandske vekkelse» med Lars Oftedal som leiar frå 1870-talet. Ei oppteljing frå 1940 har kome til at det var 4500 misjonsforeiningar med 115 000 medlemmer (Store norske leksikon). Det var i hovudsak kvinnene som var registrert i desse foreiningane, så talet på dei som hørde til rørsla, var nok langt høgare.

Eg har ikkje funne presise tal på hus i ungdomslaga, men det var mange, og det var staselege hus, gjerne med scene, og med bilete av målhøvdingane på veggene. Ved skipinga av Noregs Ungdomslag i 1896 var det 12 lag i Nordfjord, 26 på Sunnmøre og 31 i Romsdal krins. Vi har å gjera med to store folkelege rørsler, og Orheim hadde kontakt med dei begge.

I mange bygder var det to hus, eit bedehus og eit ungdoms(lags)hus. Både organisasjonane og husa konkurrerte om dei same ungdomsgruppene, og forholdet mellom dei varierte. I somme delar av landet tapte den frilyndte kulturen for pietismen, som i store delar av ytre Ryfylke. I andre delar av landet dominerte den frilyndte kulturen, og pietismen stod svakt, som i delar av Hardanger eller i Gudbrandsdalen. Karakteristisk for Nordfjord, der Orheim vaks opp, var at begge kulturane var både sterke og synlege, og at forholdet mellom dei var prega av forhandlingar og kontakt.

Motsetninga mellom frilyndt og pietistisk ungdomsarbeid kunne vera krass, og ein del av dei nynorske romanane speglar denne motsetninga.

Forfattarar som Jens Tvedt, Ragnvald Vaage og ikkje minst Jakob Sande gav sviande karakteristikkar av pietistiske miljø. Men dette er ikkje heile biletet. I *Ei folkerørsle blir til: Den frilynde ungdomsrørsla på Nordvestlandet* (1981) skriv Jon Tvinnereim både om konflikt og samarbeid. Presten Johannes Barstad i Volda gav frå 1889 ut bladet *Stille stunder*, og eit av føremåla var å kombinera nasjonalt engasjement og målsak med tradisjonell kristendom. Han var engsteleg for dei religionskritiske innslaga i målmiljøa, frå folk som Rasmus Steinsvik og Arne Garborg. Steinsvik budde i Volda i ein periode, og prega målmiljøet med sin krasse kyrkje- og religionskritikk, formulert i bladet *Vestmannen*. Barstads strategi var å skapa eit miljø der tradisjonell teologi tok opp i seg dei nasjonale kampsakene, ikkje minst målsaka.

På andre sida tok Klaus Sletten, som vart vald til formann i Noregs Ungdomslag i 1902, sterkt til orde for å halda fast på kristenarven som det sikre fundamentet for ungdomslagsrørsla. «Det torer me segja, at storparten av ungdomen no held kristendomen for det einaste fulltrygge livsgrunnlag», sa han i eit foredrag i 1904 (Tvinnereim, 1981, s. 98). Når ein snakkar om den frilyndte ungdomsrørsla i dag, tenkjer ein lett at «frilyndt» tyder liberalitet i synet på seksualitet, alkohol og andre livsstilselement. Men i realiteten var ungdomslaget sterkt engasjert i fråhaldssaka, hadde ofte ein streng fråhaldspolitik på arrangementa sine, og dei vedkjente seg ein nasjonalt farga kristendom. I seksualmoraliske spørsmål var dei strenge, for dei ville motbevisa at ungdommen ville gå i hundane utan pietistisk kristendomsforståing. For eit notidsmenneske ville livsstilen til ein vanleg frilyndt ungdom for drygt hundre år sidan verka streng og pietistisk.

Eit døme frå Fitjar seier litt om forholdet mellom Ungdomslaget og kyrkja. Ungdomslaget hadde dans på lokalet sitt på nyårsafta. Men då kyrkjeklokkene ringde til midnattsgudsteneste (kl. 23–24), slutta musikken på ungdomshuset å spela. Dei ville ikkje konkurrera med kyrkja.

Den viktigaste skilnaden på dei to miljøa ligg nok i synet på folkemusikk og folkedans. Dei pietistiske miljøa knytte dette til ein gammal festkultur i bygdekulturen, om lag som Aukrust skildrar den i «Aktión på Tande», der «blo' og brennvin og kokte andlît/ og dans og huing vart rus og vanvít». For ungdomslagsrørsla var både folkemusikk og folkedans

dei mest ekte uttrykka for nasjonal identitet og kultur, og dermed umis-telege (som dei var for Aukrust). Her var det vanskeleg å finna fram til eit felles syn. Men dei to rørsleane stod så nært kvarandre at dei til tider vurderte organisatorisk samarbeid, kanskje til og med samanslåing, skriv Tvinnereim. Det handla då om Noregs Ungdomslag og Norges Kristelige Ungdomsforbund (KFUM/KFUK). Likevel var det nok like ofte konkurransen mellom miljøa som dominerte. Nordfjord merkte seg nok ut med stor kontakt mellom miljøa, medan tonen på sørvestlandet og sørlandet kunne vera meir uforsonleg.

Matias Orheims debutroman går rett inn i dette feltet, og det er på tide å seia litt om *I livsens lundar*. Romanen handlar om ei gruppe ungdommar, presentert som «frilyndt ungdom» i første kapittel, som blir utfordra av ei ekspanderande vekkingsrørsle. I sentrum står Sigbrand, «rimsmenden og spelemannen vår», som det heiter i første kapittelet. Vi møter han i «huldrestova», som er ei berghole der ungdommane samlast til leik og dans og aktivitetar i ungdomslaget. Sigbrand er midtpunktet i dette miljøet, og både musikken og diktinga er hans verd. Men han kjenner seg også dregen mot vekkingsrørsla, og det gjer særleg inntrykk på han når han høyrer ein ung predikant som talar på målet. Modellen skal vera Ludvig Hope, som skal ha gjort sterkt inntrykk på Orheim og ført han til personleg omvendning. Denne skildringa kan bli oppfatta som sjølvbio-grafisk farga.

Men det tek tid før vi kjem så langt; Orheim legg stor vekt på å skil-dra ungdomslagsmiljøet, og det gjer han med både innsikt og kjærleik. Dette er ikkje ei omvendingssoge der ein går frå «syndelivet villt» og til omvendning og nytt liv. Det er snarare tale om å gå frå ei sjølvsgatt barnetru og til eit meir medvite og personleg forhold til gudslivet. Og når Sigbrand, og fleire av hans vener og venninner i det frilyndte laget, skifter over til den meir pietistiske leiren, så er ikkje romanen fullført med det. For Sigbrand er det avgjerande å få eit sikkert fundament for si tru, men forhandlingane om kultursynet er ikkje over av den grunn. Må han ofre fela?

I utgåva frå 1911 fylgjer Orheim ungdommane ganske tett, og boka byr-jar og sluttar med ungdommane sjølv. I utgåva frå 1917 legg han til nye kapittel først og sist. Der førsteutgåva byrjar og sluttar med ungdommane

i bygda, ser han i den andre utgåva Alvheimsbygda frå «eimbåten» som kjem frå byen (truleg Bergen). Handlinga varer frå pinse eitt år til pinse neste år. På båten er det eit par representantar for den gamle bygdekulturen, ein av dei er spelemann. I tillegg er det ein ung, gråkledd mann som vi får vita lite om, men som syner seg å vera «stortalaren» (Hope), og ei byfrue som leitar etter faste verdiar i landet. Ho stolar ikkje på bykulturen, men leitar etter eit fundament med «barnetru, kroppsarbeid og heimkultur». I avslutningskapittelet har ho blitt kjend med Alvheimsbygda, og ser visjonen sin realisert.

Barnetrua er blitt styrkt og medviten gjennom vekkinga, ungdommane finn den syntesen av haugiansk arbeidsmoral og gudstru som fører dei inn i arbeidet, og frå den frilyndte rørsla har dei teke med seg heimkulturen – dei brukar stevleik, spelar fele og vågar seg kanskje til og med inn i folkeviseleik. I avslutningskapittelet dukkar det også opp nokre danske høgskulefolk, som lurar på kven alle desse fine og musikalske ungdommane er. Og trass i at spelemannen Strile-Magnus klagar over pietistisk mørker, er det optimismen og livslysta frå denne ungdomsflokken som gjer inntrykk på høgskulefolka. Dei ser Grundtvigs visjon av nasjonal kultur og glad kristendom realisert framfor augo sine. Orheim koplar saman Grundtvig og Hauge (som jo faktisk hadde kontakt tidleg på 1800-talet), og teiknar konturane av ein kulturelt open haugianisme, kombinert med vekkingskristendommens medvitne gudsforhold.

Det er fleire generasjonar som kjem til orde i romanen. Det er først og fremst ungdommane. Men det er også dei gamle ungdomslagsfolk, Strile-Magnus og Simen Solstrand høyrer til foreldregenerasjonen, og dei likar ikkje det tunge alvoret som har kome over ungdommen. Det verste, seier dei to i ein samtale i første kapittel av 1917-utgåva, er at også folkehøgskulen formidlar så mykje «ideale» foredrag at ungdommane misser motet når dei ikkje greier leva opp til det. Spelemannen og dansaren vil ha dans og moro, og skyr det tunge alvoret som brer seg frå pietismen til dei frilyndte. Men det finst ein endå eldre representant, Ragnald Rosenlund, som vaks opp med haugianisme, og han helsar velkomen den kombinasjonen av arbeidsglede og religiøs frigjering som han ser i ungdomsgenerasjonen. I den samla visjonen av det gode ungdomslivet som romanen

formidlar, ligg fred med Gud og eit trygt gudsforhold i botnen, så tek ein inn «så mykje stort, så mykje gildt» frå arbeidsliv, ungdomsglede, forelsking og kjærleik på dette grunnlaget.

Det er mange fine detaljar i romanen, ein av dei er knytt til namna. Sigbrand, Leikny og Sigdis er jo ikkje gjennomsnittsnamn, og sjølv dei vanlegare namna har eit urnorsk preg. Dette får si forklaring: Dei har hatt ein «dansande prest», ein verkeleg nasjonalt orientert geistleg som har foreslått alle desse gammaldagse namna, og han har nok påverka dåpsforeldra. Dette er ein del av den nasjonale arven som Sigbrand har fått i dåpsgåve, så å seia, og som han freistar å ta inn i sin identitet.

Som eg nemnde ovanfor, vart det songen meir enn romanane som Orheim blir hugsa for. Det skjønar ein godt når ein les *I livsens lundar*. Éin ting er at det er eit mylder av personar, som gjer det litt vanskeleg å halda styr på handlinga. Viktigare er at Orheim faktisk brukar mykje av plassen på dikt og rim. Kva som bur i kvar einskild person; om dei er alvorlege eller leikelystne, frilyndte eller nyvakte – det blir klart gjennom tekstar dei skriv sjølve og framfører. Første gongen vi høyrer dette, er når to jenter framfører ein «stevleik», altså ein dialog på rim, på båten som er på veg inn til Alvheim. Dette diktet tek fatt i Olavslegendene om bygda, der Olav laga heile landskapet om til ei krossform:

No Ljosheim og Fridtun og Solstrandsving
ligg vigde av krossen med høgfjell ikring.
Stend Trollheimen aldri so høg i sud,
han ingen kan stengja fraa soli, frå Gud.

«Huldrestova» blir ofte brukt som arena for desse framføringane. I presentasjonen av «frilyndt ungdom» ser vi kor norrønt-inspirert noko av denne ungdommelege skrivekunsten er. For nåtidslesaren verkar det kryptisk, men det skriv seg ganske presist inn i poetiske vendingar som var i bruk i samtida:

Som gudemøyi gangande til gullslott i Gimle
eg livslukka lovsyng i ljoslagnad ljuv.
Evigung er aandi som uppatt oss yngjer
og framsynt eg framfyrte frilynde fer.

Sylvfager staaletterk eg stemner til storverk,
 kveiker kvar kunnug kvende og kar.
 Latskapen lyt eg i last lata liggja,
 Berre for heltehug heimveg eg hev.

(1917-utgåva, s. 44)

Denne blandinga av homerisk rytme og norrøne klangar med bokstavrim og enderim i kombinasjon gjer teksten avstikkande og rar for nåtidslesarane, men det er ikkje så veldig fjernt frå det ein kan lesa hos Aukrust, som debuterte i 1916. Det interessante, og ambisiøse, ligg i at Orheim let Sigbrand skriva slik i starten på romanen, då han er midt i det frilyndte, med programmatisk ungdomsglede og optimisme (som Strile-Magnus er redd skal gå tapt). Når Sigbrand har fått fred i Gudsforholdet, blir skrivemåten heilt annleis, mykje meir lik det enkle og kvardagslege språket ein finn hos Blix og Hovden, og ikkje minst i Orheims egne songar.

Eit liv med Jesus er ein himmelsong
 med samspel djupt i vaar hjartetrong.
 Når han vert viljen med brand i blode,
 og himmelsk eldhug verkt kveikt i mode,
 daa løysest evnor og krefter ut,
 som fyrr laag bunde i sjølvlivs sut.

(1917-utgåva, s. 273)

Dette er ein del av eit heilt spelstykke som Sigbrand har skriva og framfører mot slutten av romanen, der han seier at han før søkte Gud berre i «høgheimen», men no ser han Gud som «ei livsens elv i grendi». Det er forfattaren av «kvardagskristen vil eg vera» som konkluderer i dette spelet. At stykket har tittelen «Heil og sæl», viser berre at dette uttrykket var nøytralt og positivt i Orheims tid, før Quisling øydela det.

Denne måten å skriva på – at personane framfører tekstar dei har skriva, og gjennom desse tekstane fører handlinga fram – skaper ein krevjande tekst, og litterært sett er seinare romanar, t.d. *Jonsokvarden* (1912), langt lettare å lesa. Det kan verka som Orheim har freista å skapa eit forteljande lyrisk verk, etter mønster frå *Haugtussa*, men boka blir ein blandingssjanger. Men sjølv om romanen haltar som litterær tekst, er den svært interessant som historisk dokument. Ein ting er at Orheim

her fangar inn den spenninga som fanst i (vest)norske bygder mellom frilyndte og pietistiske ungdomsrørsler. Meir interessant er det biletet han teiknar av samværsformene i det frilyndte miljøet. Her møtest ein for å lesa opp sjølvskrivne tekstar. Kva som eigentleg skjer mellom ungdommane, og i forholdet til dei ulike teologiske og ideologiske posisjonane, må lesaren sjølv finna ut gjennom å lesa desse tekstane. Dei skifter mellom enkle folkeviseaktige forteljingar, songar med den enkle og folkelege stilen til Orheim og tekstar som tydeleg imiterer norrøne mønster, og sjølv stilskipa fortel ein del av historia.

Når ein les boka, spør ein seg uvilkårleg om tenåringar verkeleg gjorde dette, om dei faktisk produserte så mykje dikt, og om dei var kjende med så ulike tekstformer? Det er vanskeleg å svara på. Sjølv sagt har alle desse dikta preg av at Orheim har skrivne dei, sjølv om somme av dei liknar svært lite på det han skreiv elles. Men når ein ser på dei direkte linjene mellom livet i dei frilynde ungdomslaga og den store litterære produksjonen i desse tiåra, så spør ein seg om det kanskje var slik? Her fekk ungdommar ein arena, her kunne dei syngja, steva, laga og framføra skodespel. Idar Stegane og Eli Bjørhusdal, som begge har skrivne om kvinner i den tidlege nynorske ålmenta, legg vekt på den rolla skriftlivet i ungdomslaga spela. Her var nemleg alle nivå: ein kunne skriva ein tekst sjølv, framføra den i ungdomslaget og kasta manuset etterpå. Eller ein kunne skriva det inn i handskrivne blad, som også var i bruk. Eller ein kunne trykkja dikt og små forteljingar i dei tidsskrifta om oppstod. Dei som var aktive her, kunne gå vidare og publisera bøker på dei nynorske forlaga, som Petra Kvislid og Brita Bjørgum. Kvinnerolla gav lite rom for større skriveprosjekt i denne perioden, men denne mindre ålmenta gav høve til å skriva og publisera kortare tekstar, og dette la nok eit grunnlag for generasjonane etterpå.

Dette innsynet i det nynorske skriftlivet er det eine som er fascinerande med debutromanen til Orheim. Det andre som vekker interesse, er den mellomposisjonen han legg seg på i forhold til dei to rørsle. Han vil ha med seg fela inn på bedehuset. Men han seier frå seg pardansen; ein av replikkane i romanen lyder: «Du må ikkje dansa meir Einar! Du dansar deg til Helvite.» Dette kan sjølv sagt også vera ein karikatur av pietismen.

Orheim var 25 år då debutromanen kom ut. Hans veg i organisasjonslivet vart slik at han kjende og treivst i det frilyndte miljøet i tenåra, men opplevde ei omvending under Ludvig Hopes talarstol, parallelt til det han skildrar i romanen. Så reiste han som forkynnar i Kristiania Indremisjon og Vestlandske Indremisjon i mange år, før han gjekk over til Norges Kristelige Ungdomsforbund i 1921. Når ein les romanen, forstå ein at han kjende seg heime der, for han forhandlar mellom det frilyndte og det pietistiske. Orheims pietisme består i den inderlege kristustrua, som vi kjenner frå songar som «Ved Jesu føter ei stille stund» eller «Eg fann min Gud i ungdomsår». Orienteringa mot det frilyndte finst i dei nasjonale verdiane han dyrkar, og i ei open haldning til det kulturelle, og ikkje minst i viljen til å skriva litteratur som samtalar like mykje med nynorsk-klassikarane som med oppbyggingslitteraturen. Element frå den haugianske tradisjonen finst i songen «Kvardagskristen vil eg vera».

Denne mellomposisjonen fann stor gjenklang i det norske kristenfolket, og gjorde han til ein avhalden forkynnar og songar, som etter kvart var respektert i alle leirar. Tek ein seg tid til å lesa denne forunderlege debutromanen, kan ein sjå konturane av alt dette.

Litteratur

- Almenningen, O., Elvik, A., Helleland, B., Lien, Å. & Vikør, L. S. (Red.). (1981). *Målreising i 75 år: Noregs Mållag 1906–1981*.
- Bjørhusdal, E. (2001). *Målkvinne før 1900*. Ivar Aasen-instituttet.
- Hauge, A. (1947). Kristen først eller kunstner først? *Kirke og Kultur*, 52, 437–447. Også trykt i Hauge, A. (1995). *Nistekorg for eit nytt århundre: Eit utval ved Jakob Aano* (s. 55–67). Gyldendal.
- Hovland, R. (1988). *Utanfor sesongen*. Samlaget.
- Jacobsen, R. (1985). *Nattåpent*. Libris.
- Kjebekk, E. (2009). Matias Orheim. *Norsk biografisk leksikon*. https://nbl.snl.no/Matias_Orheim
- Løvlie, B. (2007). *Kor mykje stort – Matias Orheim, hans bidrag til vestnorsk kultur og kristenliv*. Tapir akademisk.
- Nymo, I. (1985). Den kristne populærromanen i Norge. I E. Skeie & T. P. Sætre (Red.), *Kristen tro i romanen* (s. 35–73). Universitetsforlaget.
- Orheim, M. (1903). *Heimlokk*. Eige forlag.
- Orheim, M. (1911). *I livsens lundar*. Lunde.

- Orheim, M. (1912). *Jonsokvarden*. Lunde.
- Orheim, M. (1913). *Haugianarfolk*. Lunde.
- Orheim, M. (1915). *Solrenning*. Lunde.
- Orheim, M. (1916). *Morgondogg*. Lunde.
- Orheim, M. (1917). *I livsens lundar*. Ny og bearbeid utgåve. Lunde.
- Orheim, M. (1922). *Unge-Steinar Storetune: Heimstadretten*. Lunde.
- Orheim, M. (1923). *Gamlefela og nyefela*. Lunde.
- Orheim, M. (1929). *I villskogen*. Lunde. Orheim, M. (1932). *Eldprøva*. Lunde.
- Skeie, E. & Sætre, T. P. (Red.) (1985). *Kristen tro i romanen*. Universitetsforlaget.
- Stegane, I. (1987). *Det nynorske skriftilivet: Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjonen*. Samlaget.
- Store norske leksikon. (https://snl.no/Det_Norske_Misjonsselskap)
- Tvinnereim, J. (1981). *Ei folkerørsle blir til: Den frilyndte ungdomsrørsla på Nordvestlandet*. Samlaget.
- Straume, J. (1960). *Trubaduren Matias Orheim*. Lunde.
- Sørbø, J. I. (2018). *Nynorsk litteraturhistorie*. Samlaget.
- Øverland, A. (1945). *Vi overlever alt: Dikt fra krigsårene*. Aschehoug.